miljøet. Norge er spekket med frivillig arbeid for alt mulig. Det må være en grunn til at en er villig til å bruke av sin dyrbare tid til dugnadsarbeid på gamle, råtne, rustne og illeluktende skuter. Pikke rust, rydde, vaske eller fortelle båttens historie til halvengasjerte gjester for n-te gang må være *forankret i en grunn* for å engasjere seg. Det er færre og færre som har slike historiske forbindelser eller historiske grunner. Det er ikke så mange igjen som har fulgt båten til byen, hatt den i rutefart foran gutterommet eller hatt en far som var skipper om bord. De det gjelder er blitt gamle, om vi vil innse det eller ikke. Det er om å gjøre å få nye folk om bord og skape nye forbindelser. Kanskje er nettopp *det* grunnen til at Øyvind Konglevoll var entusiastisk da jeg tok kontakt for å høre om vi kunne få praksis i skipsarbeid for våre elever på Bergen Maritime videregående skole. Jeg fikk et entusiastisk svar. Det var bare å komme. Elevene er på VG2 nivået og er 17 år

gamle. Hvert skoleår starter vi opp med et nytt kull på Vg2 maritime fag.

Skoleåret 2017/2018 var første gang jeg kom med elevene. Det var senhøsten 2017. Mange har liten eller ingen jobberfaring. Noen har vokst opp i en leilighet uten verktøy, mens andre har vært mye på sjøen i småbåt. Det er ganske enkelt stor sprik i erfaring og kunnskap blant våre elever. Noen har en klar formening om at de skal bli skipper eller chief på en PSV eller fiskebåt. Andre vet ikke hva en hekk er og har aldri tatt i et tau. Det er en slik blandet flokk jeg kommer tuslende med på kaia når jeg kommer til veteranbåtene.

Vi ble tatt imot om bord i *Stavenes*. Der ble elvene møtt av Konglevoll og fikk en innføring om veteranbåtene. Elevene ble inndelt i grupper og de jobbet med tildelte arbeidsoppgaver. En elevgruppe ble satt til rustpikking og en annen til å male eller vaske. Alle får en veteran som har ansvar for å følge de opp, mens jeg går litt imellom postene.

Første lunsjpause fikk elevene påspandert skoleboller og suvenireffekter. Noen av elevene syntes det var veldig stas å få en *Stavenes*-caps. Etter lunsj bar det tilbake til arbeidet.



En elev har funnet en fin plass i baugen av Granvin og ser ut til å nyte sjømannslivet.

Stord var også velvillige til å ha elever med på dugnadsarbeidet sitt. Skoleåret 2017/18 var elevene delvis på *Stord* og på *Stavenes* en torsdag i uken etter lunsj. *Stord* lå på Holbergskaien, mens *Stavenes* lå på Skjøndal. For meg var det vanskelig å være to steder samtidig, men det var viktigere at elevene ble delt slik at de ikke gikk opp på hverandre på *Stavenes*. På slutten av året ble alle maritime elever invitert med på pinsetur til Tela-våg med veteranbåtene som takk for innsatsen gjennom skoleåret. En flott dag på fjorden ble det, og raust gjort av veteranbåtene.

Skoleåret 2018/2019 ble elevene introdusert til veteranbåtmiljøet gjennom en tur 14. september. Hele skolen med alle elever og lærere var med til Garnes med veteranbåter, så tog til Midttun og veterankjøretøy tilbake til sentrum, eller motsatt vei. Slik fikk vi en fantastisk tur i nærmiljøet

Fem elever fikk ha med lettsyklene sine med til Norheimsund om bord på dampskipet *Stord I*.



De nye maritime elevene ble introdusert for veteranbåtene

Jeg opplevde det som litt lettere å introdusere praksisdager på skutene når eleven faktisk hadde vært med på tur. Vi kom tidligere i gang på høsten og siden *Stavenes* var på Dåfjorden var alle elevene på *Stord*. Praktisk skipsarbeid ble lagt til tirsdager, siden mannskapet ba om at elevene kom på den faste dugnadsdagen. *Stord* er et stort skip og det går fint å spre elevene på oppgaver rundt på skipet. Alle var i arbeid med varierte oppgaver. Det var godt for meg



**MS Granvin —
veteranbåt og
opplæringsarena.
Foto:
Kjell
Magnus
Økland.**

som lærer å ha elevene samlet så jeg kunne følge de opp tettere.

Skoleåret 2019/2020 er godt i gang. Både *Stord* og *Granvin* skulle til Hardanger fartøyvernssenteret der de skal jobbes på i vinter. Det var en flott anledning for oss å være med på å flytte båtene. 3 september stilte to klasser på kaien for å være med *Granvin* til Leirvik. En Tip klasse VG1 elever var med som gjester, dette hadde en fin hensikt. En slik tur kan rekruttere nettopp disse elevene til VG2 maritime fag. Den maritime klassen gikk halvtimes vakter slik at alle fikk prøve de forskjellige postene som ror, utkikk, navigasjon, dekkarbeid, maskin og byssetjeneste. Mat ble lagd og servert av elevene og det var flott å se hvordan elevene nøt å servere mat til og sitte og spise sammen med veteranene.

Fra Leirvik reiste klassen hjem etter en fantastisk dag i strålende vær ned gjennom

Austevoll og Nyleia. Neste dag fikk vi en ny klasse om bord som gikk *Granvin* inn til Norheimsund. Nå var utkikken viktig for å oppdage fergene før de dukket opp i skodda. Radaren gikk og elevene fikk en realistisk dag i dårlig vær på sjøen. 23. september var det *Stord* sin tur til å gå inn til Norheimsund. De ville starte grytidlig og alle elvene var om bord før klokken 07 00. Noen hadde kommet med lettsykkel helt fra Vossetraktene for å nå fram så tidlig. Jeg er imponert over elevene. Ungdommer har en annen døgnrytme enn veteraner og trenger mye søvn, men dette klarte de. Det sier litt om hvor motiverte de var. Moro var det med 5 lettsykler som dekkslast på *Stord*. Der som vi skal få til vanlig skipsarbeid på fartøyene i vinter må vi altså legge noen skoledager til Norheimsund og det blir kanskje vanskelig. Å flytte båtene tilbake til Bergen til våren håper jeg i alle fall elevene får være med på.

Det var litt interessant å oppsummere samarbeidet i de tre skoleårene vi nå har hatt og se at årene er blitt så forskjellige. Vi har klart å få til hensiktsmessige opplegg tilpasset både skolens og veteranbåtens behov, mye takket være velviligheten i veteranbåtmiljøet og min gode kollega som er suveren i å få timeplanen til å gå opp. Det skal bli spennende å se hva vi får til framover.

Den første yrkeserfaringen Stort sett har det gått smertefritt, men det er klart at Bergen maritime videregående skole fokuserer på praksisen til eleven og at den er god og i henhold til HMS. Båtene prioritet er å få gjort unna arbeidet på en god og effektiv måte. Samtidig tror jeg at rekruttering til mannskapslisten bør være 1. prioritet til fartøyene når de har elevene om bord.

Noen ekstra engasjerte og ivrige elever er blitt påspandert krise og passasjerhåndteringskurs av *Granvin* når de har vist interesse for å bli med i dugnadsmiljøet. Det er veldig

raust gjort. Tre ungdommer er nå på mannskapslista på *Granvin*. En annen elev har knyttet seg til *Stord* og har lettmatros status. Det er ikke mange, men disse unge sjøfolkene kan bli viktige for rekrutteringen til veteranbåtmiljøet framover.

For oss som skole er det vel så viktig når en elev kommer tilbake etter endt utplassering på PSV og sier at han er så glad for praksisen på veteranbåt. Den gjorde han mer forberedt på hva som kunne møte han når han kom på båt og hvordan han skulle takle det.

Jeg er imponert over villigheten og imøtekommenheten som veteranbåtmiljøet har møtt skolen på og hvordan de har tatt imot elevene. Det skal bli spennende å se hva vi får til videre, for det ligger mange spennende muligheter i koblingen mellom veteran og ungdom.

På Facebooksiden til Bergen maritime videregående skole ligger det innlegg fra dugnadene våre om du har lyst til å se hva arbeidet til elevene gikk ut på.

Hilsen

Eva Cecilie Holm

Faglærer

Bergen Maritime VGS

Kanaldagane på Bømlo



Kanaldagane 2019 blei en stor suksess. Sidan 2001 har Kanaldagane ved Kuleseid-kanalen på Bømlo vore ein årlig tradisjon. Årets utgåve hadde værgudane på si side, det var flott vær hele helga. 14 skøyter og veteranbåter låg fortøyd langs kanalen. Desse kom mellom anna frå Hauge-sund, Fusa, Høylandsbygd og Ålfjorden pluss noen lokale skøyter.

Lørdag og søndag var det hoppeslott og Elias båt for unge-ne. Bømlo Dykkerklubb hadde akvarium med levande fisk i. Det var mange med eigen stand som fokuserte på kystkultur, som for eksempel ullprodukt og knivsmeder. På Bømlo Kystlag sin stand romma vart det klinka ferdig en Osolver fra Tysnes og køyrt fleire veteranmotorer. Fredagskvelden var det quiz i teltet.

Lørdag var det mye underhaldning i teltet og kvelden blei avslutta med dans med bandet Gunslingers.

Søndag startet med gudsteneste. Presten blei rodd på tradisjonelt vis gjennom Kuleseidkanalen. Avslutninga skjedde søndag kl 1700.

Bømlo kystlag ønsker alle som vil være med på kanaldagane velkommen enten med båt eller landeveien. Det er fem lag som står saman om å organisera Kanaldagane: Bedehuset, Trekloveren, Sportsklubben, Bømlo Sportsdykker Klubb og Bømlo Kystlag.

Mvh
Magnar Skålevik
Bømlo Kystlag

Scottish Traditional Boat Festival



Vest i havet med Forbundet KYSTEN

Det er som å koma heim, det å koma til frendane våre i vest. Slik kjennest det. Men det er jo ikkje så rart at det er slik. Banda vestover går langt tilbake. Ei tusenårig historie. For oss her vest har utferdstrongen alltid vore der, og det bar som oftast rett vest. Seinare, i krigsåra, vart forbindelsane vestover særst viktige. Det er få som ikkje kjenner til transportane over Nordsjøen til og frå Shetland. Fram og tilbake over Nordsjøen gjekk ferda i små og store båtar. I færingar og dekkafiskebåtar. Frendane våre på Shetland, men også i Skottland var klare til å hjelpe oss.

Me har høyrte på historier frå bestefargenerasjonane som dreiv fiske ved både Shetland og Island og andre stader rundt Nordsjøbassenget, som kanskje låg landfaste, provianterte og

gjekk på dans på lokalet på øyane der vest. Hå frendane våre frå langt tilbake.

I nyare tider har me delt arbeidsplassar i Nordsjøen på plattformer og offshorefarty. Jobba saman i kvarandre sine sektorar der ute i havet som bind oss saman. Saman også i landbaserte service/- og leverandørbedrifter i Stavanger, i Bergen, i Aberdeen, i Florø, i Edinburgh. Skal du med flyet til Færøyane frå Bergen ein fredag, møter du gjerne oljearbeidarar som skal heim. Gjensynsgleda er stor i andre enden av reisa, på flyplassen i Vágur der barnefamiljar står spente og ventar på far eller mor som kjem heim frå jobb.

Den vesle byen Portsoy nord i Skottland var ein gong ein fiskeriby. Med fiskebåtar og

fiskemottak. Arbeidsplassar for mange. Som mange andre liknande stader rundt om Nordsjøbassenget. Heilt til Thatcher-regjeringa fann ut at det var ein god idé å stenga ned fiskemottaka både her og i mange andre småbyar i Skottland. Dette var ikkje gode nyheiter for folket i Portsoy, med dei effektane som kom i kjølvatnet.

Så for 26 år sidan, vart «Scottish Traditional Boat Festival» starta. I kjølvatnet av festivalen har den ein gong livlege byen vakna til live igjen og det er ting på gang som gir samhald og nokre inntekter. Eit gammalt lakseslakteri har vorte restaurert. Ein heil etasje er via museum som viser laksefiskeri, foredling og hamnehistorie. Andre høgda er i bruk av frivillige organisasjonar og vert brukt

Øvst:
**Sekskeipingen Knuten m/
mannskap frå Stokk og
Stein i Bremanger
helsar ved ankomst
på floa i Portsoy.**

Midten:
**Skiffs klare for kapproing
i det opne farvatnet
utanfor Portsoy .**

Nede:
**Tove A. Hjellnes og Ingunn
Vardøy klare til å ta i mot
publikum på Forbundet
KYSTEN sin stand.**

Motsatt:
**Isabella Fortuna til kais
i Portsoy. Alle fotos:
Tove A. Hjellnes**

til alt frå konsertar i regi av folke-
kemusikk-klubben til teater og
seminar. Også ei strikke- og
spinnegruppe finn du her kvar
mandag. I eit eldre bygg frå
1700-talet, rett vest for byen på
ei vakker strand, i det som var
produksjonslokale for seglma-
karar, linarbeidarar og reipsla-
garar, er det no overnattings-
stad for turistar. Midt i sent-
rum av gamle Portsoy ved si-
dan av ein gamal original pub,
finn du ein båtbyggerverkstad.
Du finn ein hyggeleg ung båt-
bygger her, med båtbygger-
utdanning frå Sør-England,
samt ein fin gjeng med frivillige
medarbeidarar.

For båtar og kapproing har vor-
te ei stor greie i Skottland. Det
vert bygd rimelege plywood-
båtar i store mengder. Fargerike
og friske «skiffs». Det vert
danna roklubbar og det vert
kapprodd. Ute i det opne havet
langs kysten. Årane er nok stort



**Ingunn med to av karane
frå Isabella Fortuna,
som så gjerne vil koma til
Forbundet Kysten sitt lan-
stemne i Bergen i 2020.**

Foto Tove A. Hjellnes.

sett ikkje slik me er vande med her på Vestlandet, fine og smidde etter alle kunstens reglar til å skli gjennom sjøen som mjukt smør. Nei, med store auge kan me innimellom sjå plywood-bitar spikra fast på noko som kanskje kan minna om ei åre. Men her er det ikkje båtbyggertradisjonar slik me er vande med som er det viktigaste. Nei – det viktigaste her ligg i sjølve roinga. Kunsten å ro – og gjerne ro fort – konkurranseroing altså! Har me noko å læra her? Sjølv sagt – gleda over det å ro.

Festivalen i Portsoy vert planlagt etter når det høver best med flo og fjøre ei helg i slutten av juni. Det er triveleg å tilbringa denne helga her. Festivalen har oppimot 20.000 besøkande, og det er så mange som er så begeistra over å kunna prata med den nokså små norske delegasjonen frå Forbundet KYSTEN. Då kjem fortellingane om familiar som har norske inngifte eller omvendt. Busett i Skottland eller Norge. Eller dei som har jobba i Norge for lenge sidan, eller i fjor. Praten går laust om felles ord for så mange gjenstandar, og ikkje minst uttrykk på båtar og andre sjømannsuttrykk. I ein av nabobyane til Portsoy, Buckie, var det i 1940-45 eit område som var kalla «Little Norway» - her budde mange frå Norge i krigsåra. Nokre hadde hamna her via Shetland, andre hadde vore på fiskeri i Nordsjøen då krigen braut ut, kom til Buckie,



og dreiv fiske her ifrå. Dei fleste drog heim igjen til Norge. Nokre i løpet av krigen på oppdrag, andre drog tilbake då krigen enda. Enda nokre andre drog aldri tilbake då dei fann seg ektemake i Skottland og vart verande av den grunn. Banda er sterke, likeså forteljingane.

Frå litt lengre nord i Skottland har me vorte godt kjende med kjekke folk som kjem til Portsoy med den gamle fiskebåten «Isabella Fortuna». Desse er knytt til Wick Society og Wick Heritage museum. fiske- rimuseum. Dei ynskjer seg venskapsmuseum og/- eller venskapskystlag eller venskapsbåtar. Gjerne frå Vestlandet. Og mannskapet om bord i «Isabella Fortuna» har store forhåpningar om å koma til Forbundet KYSTEN sitt Landstemne i Bergen i 2020, og jobbar med finansiering for dette. Om dei ikkje kan klare å få båten over, vil dei gjerne koma også utan den.

I år på festivalen hadde me Forbundet KYSTEN-stand ved sidan av «Wick Society». I andre enden av teltet var gode na- boar frå Shetland. Frå

«Shetland Boat Week» og Unst Boat Haven. Dei ynskjer seg besøk frå Norge til sin festival på Shetland. Det burde ikkje vere så vanskeleg å få til. Det tar vel knapt ein liten time med fly å koma seg dit. Kunne ein fått med ein færing over dit også, hadde det vore gull verdt. Eller nokre større båtar?

Festival-leinga i Portsoy ser også gjerne at det kjem fleire gjestar frå Norge denne festivalhelga i juni. Gjerne med båtar. Mindre båtar som ro/- eller seglbåtar er veldig interessante. Museum, lag eller organisasjonar. Båtbyggerar eller andre tradisjonshandverkarar. Alt kystrelatert frå Norge, gjerne frå Vestlandet, kan vere interessant å få vist fram.

Ein ting er i alle fall sikkert - me er ynskja – sterkt ynskja og velkomne på andre sida av Nordsjøen. Hå på våre gode frendar der vest. Ta gjerne kontakt med Tove eller Ingunn om du er interessert i å fara vestover.

Helsingar frå Tove A. Hjellnes og
Ingunn Vardøy frå landstyret i
Forbundet KYSTEN

Tove: keipen@online.no

Ingunn: vardoy@icloud.com

«Liv i gamle naust og sjøhus» - tema for Kystlagsseminaret 2020



**Oppe: Saltebua i Trellevåg –Trellevik Kystkultursenter.
Nede: Naustmiljø i Hope, Skogsvåg på Sotra. Begge foto: Ingunn Vardøy.**

Forbundet KYSTEN arrangerer landsdekkende kystlagsseminar på Vestlandet våren 2020.

Sett av dagene i kalenderen.

Hvor: På Panorama Hotell & Resort på Sotra .

Når: Fredag 17. april – Søndag 19. april 2020.

Med bakgrunn i rapporten som NIKU nylig har laget for Riksantikvaren, som viser at 6 % av landets naust og sjøhus forfaller årlig, vil tema for helgen være:

- Historikk rundt naust og sjøhus og deres tidligere rolle
- Hva er dagens situasjon med disse kystens bygninger?
- Hva kan vi gjøre nå? Nye muligheter.

Vi ønsker å finne ut av hva Riksantikvaren ønsker å gjøre med forfallet av naust? Hva kan Forbundet Kystens engasjement i naust være? Hva kan vi som kystlag gjøre? Og hvilke økonomiske muligheter finnes for å nå våre ønsker og mål?

Fagpersoner fra NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning), Riksantikvaren, Sparebankstiftelsen, samt flere andre innenfor feltet, vil være til stede med innlegg på konferansen.

Vi legger selvfølgelig også inn tid til befaring av naust og sjøhus på Sotra i løpet av helgen.

Ytterligere informasjon kommer etterhvert som det er klart. Vi treffes på Sotra i april 2020!

Velkommen!

Hilsen Forbundet KYSTEN

v/Per Hillesund, generalsekretær



Motorisert havfæring frå Øygarden

Kystmuseet i Øygarden har i år sett i stand ein færing frå Øygarden. Båten viser korleis havstrilane ville ta den tradisjonelle havfæringen med inn i motoralderen.

Båten er truleg bygd like før andre verdskrigen. Det er ikkje kjend kven den fyrste eigaren var, men Magnus Martin Fjelstad (f. 1919) frå Tjeldstø kjøpte båten under andre verdskrigen. Han brukte den til fiske og sommarbåt.

Ein gong på 1970-talet bygde han den og sette inn ein J.A.P.-motor. Men båten har truleg vore mykje køyrd med påhengs lenge før dette, i alle fall har båten stativ for utombordsmotor, noko den framleis har.

Båten er i dag eigd av Kystmuseet i Øygarden. Det siste året har museumshandverkarane Asbjørn Toft og Tor Bjørge gjort eit større vølingsarbeid på båten, mellom anna er sett inn nytt stykke på kjølen og stilken. Det er òg reparert fleire bordsprekker. Av di originalmotoren ikkje eksisterer har båten i



2019 fått sett inn ny motor, ein 2 hk Briggs & Stratton med vridbar propell. Båten gjer god fart, men ein merkar òg godt at ein slik båt er sårbar for vibrasjonane som kjem frå motoren.

Helsing Tor Bjørge, Kystmuseet i Øygarden





Stig Morten Frøiland styrer kursen medan båteigar Per Otto Svendsby er ståande maskinist. Motor: J. A. P. Model 3, type 1. Fart: 4,8 knop. Foto: Kjell Magnus Økland.

Motorfæringen R7964 «Jon og Lars»

Per Otto Svendsby har i år fått i stand motorfæringen «Jon og Lars». No er båt og motor klar for fisketokt i Vattlestraumen.



Jon Sivertsen (1913-1989) og Lars Kristoffer Amundsen (1915-1973) var to gode naboar og kameratar i Storavadvika, ved Hilleren i Vattlestraumen. Jon var røyrleggjar på Haakonssvern og Lars var smed og brannmann. Dei var blant dei fyrste som bygde seg hus og naust i Storingavika og hjalp kvarandre på alle måtar. Båe var ivrige fiskarar og båtbrukarar, og dei hadde kvar sin motoriserte færing. Båtturen gjekk gjerne til Kobbelleia og nordsida av Bjorøyne.

Eg spurde ein gong Lars kvifor Jon sin båt var litt raskare. I alle fall kom han som regel fyrst heim. Lars svarte at det

sikkert var fordi Jon hadde litt større propell på båten sin. Men eg hugsar óg at Lars fekk den største fisken, ei lange som hang frå taket og nesten ned i golvet i vaskekjellaren til Lars.

På 80-talet gjekk båten til Lars i tusen bitar då ein sprengstein kom gjennom naustetaket, men den gamle J.A.P.-motoren vart ikkje skadd. Båten til Jon vart etter kvart sett i naustet og den gamle Briggs & Stratton-motoren vart teken ut, på grunn av problem med omstyringa.

Sjølv hadde eg overteke huset og naustet til Lars. I 2011 pus- sa eg opp og starta den gamle J.A.P.'en, som er ein ein- sylindra 150 kubikks motor som i fylgje brosjyren yter 1,75 britiske hestekrefter. På same tida kjøpte eg Jon sin gamle båt, som stod med ledig mo- torstilk. Etter lang tids mod- ning kom det i år fart over ar- beidet, ikkje minst takka vera god hjelp frå Bjarne Engen. Me fekk kobla båten til Jon med Lars sin motor, og dei trivst utmerka saman.

Helsing
Per Otto Svendsby
Medlem i Bergen Kystlag



Vi fekk, bokstavelig talt, DEN STORE ROEN i det flotte øyriket mellom Klokkarvik og Hjellestad.

Den Store Roen 2019

Sund Kystlag inviterte til DEN STORE ROEN 15. og 16. juni. Og vi starta på Buarøy der Bergen og Omland Friluftsråd har laga nye bryggjer. 13 robåtar kom og gjorde seg klare til spennande rotur. Før start fortalde Johannes Høyland om Buarøya sin historie som tollstasjon på 1700-talet. Seinare blei stasjonen flytta til Bukken.

Roturen gjekk innimellom små og store holmar, forbi fine små badeplassar, gjennom trange sund, inn i smale vikar og til handels- og skjenkestaden Bukken. Denne vesle holmen ligg i det som før heitte Grøningasund. Dei historiske bygningane er velhaldne og står som for 200 år sidan. Her var det tollstasjon, handel og skjenkestove før skip og båtar vart motoriserte. Lun hamn, nattely og brennevin freista til ein stopp, gjerne og for å venta på bør nord til Bergen. Brennevinet gjorde at fleire såg djevelen lys levande utpå natta. Så presten i Klokkarvik måtte tilkallast for å «utdrive» satan gjennom eit kvisthol i golvet der det etterpå var svimerke.

Vi vandra rundt i urtehagen, kjente lukta av ramslauk og studerte dei oppmurte fiskekumane som sikra at dei hadde mat til gjestene.

Sidan rodde vi innom fleire holmar og gjennom sund på nordsida av Lerøy og inn i den lune Nordrevågen. Derifrå gjekk vi gjennom utmarka og opp til gardane på vestsida. Lerøy hadde eigen skule fram til 1971. Sidan måtte ungane over Lerøyosen til Klokkarvik. No er gamleskulen blitt grendahus for Lerøyfolket og dei mange som har hytte på øya. Der slo nokre av roarane opp telt, andre fekk innkvartering hos Inger Johanne Lerøy i hytte og hus. Gjestfrie folk på Lerøy! Bra å få husrom sidan natta baud på ein del regn. I grendahuset vart det mat

og drikke og god stemning. Søndag morgon letna regnet. Og då vi igjen sat i båtane våre kom sola fram att. No rodde vi mot austsida av Bjelkarøy. Eit par korte stopp på vegen med historie før vi gjekk i land på Bjelkarøy. Der var det fleire som blei med ein rundtur med god informasjon om fortid og notid. Ei vakker øy, som håpar på bru over det smale sundet til Hjellestad. Etter dette rodde eller segla dei båtane kvar til sitt. Sund Kystlag vil takke alle som blei med på roturen. Vi vart så inspirerte av entusiastiske deltakarar at vi kunne få lyst til å ro turen kvart år. Ta godt vare på robåten din, og meld deg på neste gong det er DEN STORE ROEN.

Jarle Sælensminde, Sund Kystlag



Prinsippskisse for fellesnaustanlegg, gjerne plassert midt i bygda eller byen. God tilkomst og snuplass for bil med båthengar. Praktisk sjøsetjingsrampe utanfor alle nausta. Eit godt utgangspunkt for aktivitet på vatnet.

Fellesnaust for tradisjonsbåtar



Korleis kan me ta tradisjonsbåtane med oss inn i framtida?

Fellesnausta må ha

- gode sjø- & landsetjingstilhøve
- vera nært attraktivt farvatn
- god veitilkomst
- vera nært kollektivtrafikk
- ha snuplass for båthengar

Nausta sikrar båtene mot sol, nedbør, tidevatn og anna væte, men kan elles vera nokså enkle i forma. Kvar båt sitt tilfar ligg lagra på bjelkane over båten: årer til roing, ausekar, ror, liten rigg/segl for tursegling og større rigg/segl for sports-segling.

ULIKE BÅTSTORLEIKAR

Kvart anlegg bør ha båtar i ulike storleikar slik at både den som er åleine og større grupper kan vera utpå. Båtar i same storleik i same anlegget bør byggast nokså einsarta, noko som er viktig ved tevlingar. Båtbyggjarane får dermed eit samfunnsoppdrag: å bygga tradisjonsbåtar til folket. Skall eit naustanlegg få ei effektiv etablering bør det koma på plass 10 båtar i løpet av eitt år.

FINANSIERINGSMODELL

Det trengst ein ny økonomisk modell der det offentlege tar eit steg fram og fullfinansierer

- produksjonslokale
- løn til båtbyggjarar/lærningar
- driftsmidlar for båtbyggjarane

Slik får Norge vidareført byggetradisjonen for alle tradisjonsbåtane. Båtkjøparane dekkjer kostnadene til materialar, båt-saum, beslag, segl, tauverk, skruer, dekksutstyr og smurning. Slik får kjøparane eit eigarforhold som er vesentleg for at båtene over tid skal få bra stell. Med fullfinansierte båtbyggjarar kan ein jamstilla prisane på norske tradisjonsbåtar, uavhengig av type og byggetid. Prisen kan då justerast til eit nivå som tilsvarer moderne, serieproduserte båtalternativ i same storleik. Det offentlege bør òg yta midlar til etablering av fellesnaust, slik at det kan etablerast minst eit anlegg årleg innanfor kvar båttradisjon.

DRIFT AV BÅT OG NAUST

Grunneigar der fellesnausta står kan godt vera kommunen, museet, idrettslaget eller ein annan allmenntilgjengelig aktør. Båtene kan vera eigd av ein eller fleire opne, demokratiske organisasjonar, gjerne tilknytte roforbundet, seglforbundet, Forbundet Kysten eller DNT. Driftsorganisasjonen syter for tilsyn, båtstell og forsikring. For å sikra inntekter til dette er truleg ei viss brukarbetaling naudsynt.

BÅTBRUKARANE

Fellesnaust er attraktivt for mange brukargrupper i ulike aldrar:

- uteskule / trening / tevling
- lagbygging for næringsliv
- rekreasjon / helse
- grøn opplevingsturisme / fiske
- integrering av nye landsmenn
- kulturbasert omvising

Fellesnaust gjer oss:

- lavterskel-møtestader i både bygd og by
- fremjer fellesskap, naturopplevingar og folkehelse gjennom fysisk aktivitet i naturen
- kan samkøyrast med offentlege satsingar på immateriell kulturarv, handverk, turstiar, sykkel og sjøvit

Les meir og sjå videoar på www.fellesnaust.no

Helsing
Kjell Magnus Økland
Kystkultur.no!





epost: isk@norveg-sognefjord.no
www.facebook.com/indresognkystlag

Prosjektet storbåten «Mari-Jens»



Storbåten

«Mari-Jens»

ei gåve frå Sogndal kommune. I regi av Indre Sogn Kystlag skal «Mari-Jens» båten skapa aktivitet og avla kunnskap om bruk og vedlikehald av eldre opne båtar. Denne båten vart bygd i 1880-åra. Det er ein typisk såkalla føringsbåt som vart rigga med råsegl og 2 par årar, slik dei bygde båtar på Henjesanden på Syrstrand. Å ta vare på klinkbygde båtar frå eigen fjord er eit prioritert felt i Indre Sogn Kystlag. Det skal særleg vektleggjast å få båtane si kultur-historie formidla til born og unge. Storbåten er ei gåve frå 2015, gjeve av familien Helge Fimreite frå Nornes.

Den 5. mai 2015 vart båten frakta frå Nornes til basen vår på Kaupanger. Laget gikk i gang med eit forprosjekt der skroget ble målt opp, burdert og reingjort. I tillegg vart skroget og båtsaumen testa. Ror, mast og råsegl vart målt opp og alt var i dårleg forfatning. Informasjon frå forprosjektet var viktig som bakgrunnsmateriale for vår søknad om støtte frå Kulturminnefondet. I samarbeid med båtbyggjar og kursleiar Øyvind Hatlevoll på Ornes Båtbyggeri er det halde kurs med støtte frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon. Dugnadsarbeid er utført i over 440 timar og restaureringsarbeid av storbåten har pågått i 4 år. Slik båten står no på land er den skikkeleg restaurert med delvis heilt nytt treverk.

Målet for Indre Sogn Kystlag er å kunne ha nye kurs i 2019/2020 for å læra å rigge båten med ror, mast og råsegl ferdig til neste sommar. Draumen er å segle båten frå Kaupanger til Vågen i Bergen for å delta på Forbundet KYSTEN sitt landstemne i juli månad 2020.



For å få storbåten heilt ferdig med mast og segl til neste sommar, er me så fri at me ber om ei penge-gåve til Indre Sogn Kystlag.

Send gåva di til konto—
nr. **3730 05 23456**
eller VIPPS nr **115814**

Sjå ein større artikkel om Mari-Jens-båten i Årebladet frå mai 2018.



Fin Nordfjorðfæring til sals

Færing med årer, tiljer og tofter til sals. Pris: 5000 kr. Dette er ein lett-rodd båt som står i naust på Hisarøyna i Gulen. Kontakt Reidun Nyhammer, 48069547, for meir info.

Aktivitetskalender 2020

Eit førebels oversyn over aktiviteten, denne lista er ikkje komplett.

For oppdatert liste sjå www.kystkultur.no!

Meld gjerne inn aktivitetar der!

17.—19. april: Landsdekkande kystlagsseminar om naustog sjøhus

Stad: Panorama Hotell på Sotra

www.kysten.no

Arr. Forbundet Kysten

9. juni: Torgdagen i Bergen

www.torgdagenibergeren.no

Arr. Torgdagen i Bergen

14-16. juni: Hardanger Trebåtfestival

www.trebaat.no

Arr. Hardanger Trebåtfestival

16-19. juli: Forbundet Kystens Landstevne, Bergen inkl. Den Store Roen

www.landsstevnet2020.no

Arr. Bergen Kystlag og Forbundet Kysten

8-9. august: Oselvar-NM på Hjellestad

www.hjs.no

Arr. Hjellestad Seilforening

Frå Kystsogevekene til Kystkultur.no!

Nytt namn

25. april 2019 vedtok representantskapet samrøystes nytt namn: Stiftinga Kystkultur no!

Det nye namnet markerer adressa til heimesida, som er stiftinga sitt andlet utad, medan no! óg spelar på at det handlar om å løfta fram det som er aktuelt kring kystkultur for tida.

Nytt formål

Stiftinga Kystkultur no! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og verke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kyst-

kulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.

Ny nettside

På www.kystkultur.no finn du løpande oversyn over kystkultur-arrangement frå 30 kommunar på Vestlandet frå Sveio i sør til Stadt i nord. Vidare finn du andre kystkulturprosjekt, multimedia, reportasjar og sosiale media.

Kystkultur er sunt—året rundt Stiftinga Kystkultur no! arbeider for ei heilårs fremjing av kystkultur.

Ny epostadresse

Dagleg leiar er som før Kjell Magnus Økland. Ta gjerne kontakt på post@kystkultur.no eller telefon 95 04 67 39.

Hald deg oppdatert på

Kystkultur.no!

Returadresse: Hordaland Fylkeskystlag c/o Stiftinga Kystkultur no! Postboks 7900, 5020 Bergen



Vår Herre er sterk, men tre menn i ein seksæring er òg noko. Foto: Kjell Magnus Økland.

Fylkeskystlaget på internett

*Du finn Fylkeskystlaget sine nettsider på www.hfkl.no,
Me er også på Facebook—søk etter Hordaland Fylkeskystlag*



Nettsidene ligg plassert på Kystkultur.no.
Nyttar du adressa hfkl.no kjem du rett inn på
nettsida vår. Der finn du fylgjande info:

- Facebook-gruppa til fylkeskystlaget
- Styret
- Siste nytt frå fylkeskystlaget
- Årebladet—med pdf-arkiv attende til 2011
- Kalender med linkar til aktuelle hendingar
- Medlemslag med kontaktinfo til leiarane og kystlaga sine nettstader
- Vedtekter for Fylkeskystlaget

www.hfkl.no